



Vedtekter\_2020ferdig.odt

## VEDTEKTER FOR STRILARINGEN

*Sist revidert på årsmøte i januar 20...*

### I FØREMÅL

1. Strilaringen er ei folkedansgruppe i Nordhordland.
2. Strilaringen skal arbeida for å ta vare på, vidareutvikla og vidareføra norsk folkedans-, folkesang- og folkemusikk-tradisjon og la dette vera ei miljøskapande samversform.
3. Ved festivaldeltaking og eigne arrangement vil me arbeida for å fremja folkedanstradisjonane og internasjonalt samarbeid og forståing.

### II MEDLEMSSKAP

1. Strilaringen har ei nedre aldersgrense på 14 år. Og alle som har betalt medlemspengar for inneverande år er medlemmar (for røysterett sjå årsmøte).
2. Strilaringen er med i Hordaland Ungdomslag (HU) og Noregs Ungdomslag (NU).

### III ÅRSMØTE

1. Årsmøtet skal haldast innan utgangen av januar. Det skal vera kunngjort minst 14 dagar føreåt.
2. Omfram årsmøte skal haldast dersom årsmøtet, lovleg innkalla medlemsmøte, styret i Strilaringen eller 1/3 av medlemmane krev det.
3. For å ha røysterett, må ein ha betalt medlemspengar innan 3 mnd. før årsmøte.  
Årsmøte vel; leiar, 4 styremedlemmar, 2 revisorar, 3 medlemmar til kvar arbeidsnemnd (økonomi-, festival-, arrangement, program-, og blestnemnd).  
Samt valnemnd, bunadskontakt og utsendingar til årsmøte i NU/HU.
  - a. Vararepresentantar til styret vert valt ved konstituering i arbeidsnemndene. Nestleiar i nemnda, vert den personleg varerepresentanten til styremedlemmet i nemnda.
  - b. Leiar vert vald for eit år.
  - c. Styremedlemmane vert valt for to år om gangen, slik at to står på val kvart år.
  - d. Medlemmar i arbeidsnemnda vert valt for eit år.
4. Kontinuiteten skal sikrast, ved at valnemnda arbeider for at minst ein representant held fram i nemnda etter årsmøte.
5. Årsmøtet, Strilaringen sitt øverste organ, skal handsama: Årsmelding, rekneskap, medlemspengar, budsjett for komande år, innkomne saker og andre saker som styret legg fram.

#### **IV STYRET**

1. Styret leiar arbeidet i Strilaringen, og kvar styremedlem har ansvar for eit arbeidsområde med støtte frå tilsvarande arbeidsnemnd (jfr. Punkt V Arbeidsnemnder i vedtektene).
2. Styret skal leggja fram; årsmelding, ettersett rekneskap, framlegg til medlemspengar og budsjett for årsmøtet.
3. Styret rår over eiga og skal driva Strilaringen på ein økonomisk forsvarleg måte. Eingangsutgifter på meir enn kr. 10.000,- skal godkjennast av årsmøtet eller på eit medlemsmøte.
4. Styret er vedtaksført når minst 3 styremedlemmar er tilstades.
5. Styret har ansvar for at det vert ført referat frå formelle møter.
6. Styret har ansvar for å utarbeida retningslinjer for arbeidsnemndene. Desse skal leggast fram for og godkjennast av årsmøte. Ev. endringar/justeringar av desse kan midlertidig godkjennast av medlemsmøte (fram til neste årsmøte).

#### **V NEMNDER**

1. Kvar arbeidsnemnd får med seg ein styrerepresentant med ansvar for aktuelt arbeidsområde. Styrerepresentanten er leiar av nemda. Nemda konstituerar seg i første møte. Nestleiar i kvar nemd, vert den personleg varerepresentanten til styremedlemmet i nemnda.
2. Arbeidsnemndene skal tilpassa arbeidet til godkjente retningslinjer, men kan ved behov innlemma fleire medlemmar i arbeidet
3. Styret kan oppretta nye nemnder eller justera nemndene etter behov.

#### **VI VEDTEKTSENDRING**

Framlegg til endring av vedtektene skal vera kunngjort minst 14 dagar før årsmøte. Årsmøtet kan då vedta endringar med 2/3 fleirtal.

#### **VII OPPLØYSNING**

Dersom Strilaringen vert nedlagt, skal ev. gjenståande midlar nyttast til å fremja folkedans-, folkesang- og folkemusikk-tradisjon blant barn og unge i Nordhordland.